



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	
	Heradsstyret	

Sakshandsamar:	Politisk-adm.sekretariat	Runar Ludvigsen		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 23/3144	Klassering:	

Tøsse Brygghus ved Tøsse Mølle - Søknad om skjenkeløyve

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, for Tøsse Brygghus ved Tøsse Mølle på Tysse.

Løyvehavar: Tøsse Brygghus AS med org.nr. 931 225 081.

Dagleg leiar og styrar: Per Helge Svensson, f. 22.09.1961 vert godkjende.

Avløysar: Andreas Elvik Litland, f. 23.06.1989 vert godkjende.

Type verksemd: Håndtverksbryggeri, sal og servering.

Skjenketid alkohol:

- Gruppe 1 og 2 alle dagar: kl. 09.00 – kl. 01.00 (drikk med 2,5% til 22% alkoholinnhald)

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for ute-servering alkohol

- Gruppe 1 og 2: kl. 09.00 – kl. 01.00

Løyveperiode: 06.12.2023 – 30.09.2024

Saksopplysningar:

Tøsse Brygghus AS med org.nr. 931 225 081, adresse: Osterøyvegen 3384, 5284 Tyssebotnen, med skjenkestad Tøsse Mølle (Møllehuset) søker om skjenkeløyve for nyetablert verksemd.

Dagleg leiar og styrar for serveringsløyve er Per Helge Svensson.

Avløysar er Andreas Elvik Litland.

Verksemdskonseptet er bryggeri med sal og servering. (Det er i tillegg til skjenkeløyve også søkt om salsløyve.) I søknaden skriv dei med eigne ord: «*Etablering av et nytt håndverksbryggeri i Tøsse Mølle sine lokaler på Tyssebotn. Vi ønsker å invitere gjester til å kunne smake på de ulike øl typene som brygges i lokalene. Ofte vil det være spesielle anledninger som team building etc at lokalene er åpne for servering og sjenking*»

Serveringsområdet inne utgjør 60 m² med 20-30 sitjeplassar.

Serveringsområdet ute utgjør 40 m² med 15-25 sitjeplassar.

Styrrar/dagleg leiar og avløyisar har begge avlagt og bestått etablerarprøven og kunnskapsprøven for skjenkeløyve.

Firmaattest, arbeidsavtale, arealplan, godkjenning frå mattilsynet, org.kart, skatteattest og vedtaksbrev frå helsedirektoratet er vedlagt saka.

Søknaden er send politiet, skattemynde og NAV til uttale. Grunna kort tidsfrist på sakshandsaming er ikkje svar førebels motteke. Svar vert lagt ved saka så snart ein får dette. Alkohollova § 1-7 stiller ikkje krav til styrrar og avløyisar etter skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga.

Vurdering

I kommunedirektøren si tilråding er skjenke- og opningstider fastsett slik søkjar sjølv har ønskja. Dette er også i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan.

Tøsse Brygghus ved Tøsse Mølle på Tysse ligg utanfor kommune- og områdesentera i kommunen, men kommunedirektøren vurderer likevel at det ikkje føreligg omsyn som gjer at ein vil rå imot å gje skjenkeløyve i denne saka.

Tøsse Brygghus har areal til ute-servering som oppfyller krav i alkoholpolitisk plan til skjerming av området samt krava til framkomst og trafikkale høve.

Hovudregelen i alkohollova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningslinjer for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken.

Kommunedirektøren vil rå til at det i denne saka vert gitt løyve med utløpsdato: 30.09.2024. På denne måten held ein fast ved løyveperiodar med handsaming etter kvart kommunestyreval tilsvarande dei andre løyve som er gitt. Dette vil gjere det enklare for heradsstyret å sikre ein meir heilskapleg plan og styring for skjenkeløyva i kommunen, med samla fornying og vedtak av løyva kvart 4. år.

Konklusjon

Kommunedirektøren vil rå til at søknaden vert imøtekomen, så langt det ikkje kjem fram opplysningar som tilseier noko anna.

Vedlagte saksdokument:

Helsedirektoratet - Vedtak om tildeling av tilvirkningsbevilling for alkoholholdig drikk	435476	10.11.2023
Skatteattest Tøsse Brygghus.pdf	435478	10.11.2023
Osterøy Kommune - Godkjenning av avløp ifbm Tøsse Brygghus.pdf	435479	10.11.2023
Organisasjonskart.pdf	435480	10.11.2023
Mattilsynet - Godkjenning.pdf	435483	10.11.2023
Kunnskapsprøven i alkoholloven skjenkebevilling - Andreas Litland.pdf	435484	10.11.2023

Vedlagte saksdokument:

Etablererprøven for serveringsvirksomhet - Andreas Litland.pdf	435485	10.11.2023
Arealplan med salg&servering v1.pdf	435486	10.11.2023
Kunnskapsprøve Servering PHS.pdf	435490	10.11.2023
Arbeidsavtale PHS.pdf	435487	10.11.2023
Kunnskapsprøve Salg PHS.pdf	435491	10.11.2023
Firmaattest 091023.pdf	435488	10.11.2023
Etablererprøven PHS.pdf	435492	10.11.2023
Søknad eller endring av serveringsløyve og/eller skjenkeløyve	435489	10.11.2023
Til uttale - søknad om skjenkeløyve for alkohol i Osterøy kommune	435793	13.11.2023